

VEDTEKTER FOR DEI KOMMUNALE SKULEFRITIDSORDNINGANE (SFO) I HARAM

Vedtatt av Haram kommunestyre 00.00.2016.

1. RETNINGSLINJER/EIGARFORHOLD.

Dei kommunale skulefritidsordningane i Haram skal drivast i samsvar med lover, forskrifter og kommunale vedtekter.

2. FORMÅL.

Skulefritidsordningane er eit omsorgs-, leike- og aktivitetstilbod utanom den obligatoriske skuledagen for barn på 1.–4. årstrinn og for funksjonshemma barn opp til 7. årstrinn. Skulen sin formålsparagraf skal òg gjelde for skulefritidsordningane. Barna sine behov for leik, kulturaktivitetar og sosial læring må vere kjernen i innhaldet for tilbodet. Aktivitetane skal skje innanfor ei trygg sosial og pedagogisk ramme, og vere ein del av skulen si totale verksemd.

3. STYRING OG LEIING.

Skulefritidsordningane er administrativt lagt under einingsleiar for grunnskuletenester. Rektor har det overordna administrative og pedagogiske ansvaret for den lokale ordninga. Samarbeidsutvalet ved skulen er styringsorgan. Rektor/Samarbeidsutvalet vedtar ordensreglar for skulefritidsordninga. I krinsar der barnehagen er lokalisert til skulen, kan skulefritidsordninga bli lagt til barnehagen. Samarbeidsutvalet ved barnehagen er då styringsorgan.

4. BEMANNING.

Personalet i skulefritidsordninga vert tilsett av einingsleiar for grunnskuletenester. Ved tilsetting skal det leggst fram politiattest, jf. Opplæringslova §10-9. Grunnbemanninga i skulefritidsordninga må justerast etter talet på barn og opningstid. Rettleiande norm er 1 vaksen pr. 14 barn til stades. 15 barn utløyser normalt to vaksne og 31 barn utløyser normalt tre vaksne til stades. For barn med særskilde behov kan det tilsettast ekstrahjelp etter behov og sakkunnig vurdering. I store ordningar, med fleire enn 30 barn, skal SFO-leiar ha godkjent pedagogisk kompetanse/utdanning som barne- og ungdomsarbeidar.

5. OPNINGSTID.

Opningstida gjennom året fylgjer skuleruta. For å halde ope, må minst seks barn vere påmelde i den aktuelle tida. Dersom behovet er stort nok (minst seks barn), kan skulefritidsordningane haldast opne i haust- og vinterferien, i tillegg til ei veke før skulestart og ei veke etter skuleslutt, mot ekstra betaling. Den daglege opningstida skal leggst før og etter skulen si undervisningstid. Føresette må gi melding ved fråvær. Det er bindande påmelding i ekstravekene.

Elevar vert gitt tilbod om opphald før og etter skuletid i tidsrommet 07.00–16.30 (lokale tilpassingar kan gjerast). Opphaldet gjeld til skulestart og frå skuleslutt. Fylgjande opphaldskategoriar gjeld:

- 6–9 timar pr. veke
- 10–14 timar pr. veke
- 15–19 timar pr. veke
- 20 timar og meir pr. veke
- Enkeltopphald på dagbasis.
- Enkeltopphald på timebasis.

6. OPPTAK AV BARN.

Skulefritidsordninga er open for alle elevar på 1.–4. årstrinn. Det skal leggst til rette for funksjonshemma elevar t.o.m. 7. årstrinn. Barnet skal til vanleg gå på SFO i den skulekrinsen det høyrer til, men kan gjere seg nytte av tilbod i ein annan skulekrins dersom tilsvarende tilbod ikkje ligg føre ved eigen skule (t.d. i ferietida).

Opptak av barn til skulefritidsordninga vert gjort av rektor. Opptaket skjer med fylgjande prioriteringar:

- Alle elevar på 1. årstrinn.

- Funksjonshemma elevar.
- Yngre elevar føre eldre elevar.

Det vert brukt elektronisk påmelding i Haram kommune.

Søknadsfrist er 15. mars. Skulen gir skriftleg melding (elektronisk) om opptak til føresette.

Når eit barn er tildelt plass i skulefritidsordninga, gjeld dette for 1.-4. skuleår – til plassen vert sagt opp.

Skulefritidsordninga kan selje plassar på time-/dagbasis. Ordninga vil primært gjelde sal av tid ved akutt og kortvarig behov.

7. BETALING FOR OPPHALD

Foreldrebetalinga vert fastsett av Haram kommunestyre.

Haram kommune kan endre framtidige satsar, i hovudsak pr. 1. august eller 1. januar, med ein månads varslingsplikt.

Betaling av opphaldsavgift skal skje med forfall den 15. kvar måned.

For elevar som vert meldt inn etter skulestart/i løpet av driftsåret, vert det kravd foreldrebetaling for heil måned f.o.m. den månaden barnet er innmeldt skulefritidsordninga.

Tilbodet har inga friplassordning eller ordning med søskenmoderasjon.

Foreldrebetalinga inkluderer ikkje matpengar og kostnader utanfor skulen (ekskursjonar m.v.).

Ved henting etter SFO si stengt tid, vil det bli kravd inn kr. 200,- pr. påbegynt time, til dekking av auka lønsutgifter.

8. MISLEGHOLD AV BETALING.

Manglande foreldrebetaling (misleghald) gir grunn for oppseiing av plassen. Eventuelle restansar skal vere gjort opp før ein elev kan tildelast ny plass i skulefritidsordninga. Restansen fylgjer familien, ikkje berre det enkelte barn. Ved endring av betalar i løpet driftsåret, skal alle restansar frå den førre betalaren vere gjort opp.

9. OPPSEIING OG ENDRING AV PLESS.

Oppseiing av plass skal gjerast elektronisk på SFO-portalen.

Det er ein månads oppseiingsfrist, rekna frå den 1. i kvar måned. Det skal betalast for heile oppseiingsmånaden.

Plassen kan ikkje seiast opp seinare enn 1. april med verknad frå 1. mai. Ved seinare oppseiing må det betalast ut skuleåret. Endring av opphaldstid gjennom året skal skje elektronisk på SFO-portalen. Ved reduksjon av opphaldstid pr. veke, gjeld vanlege reglar for oppseiingstid.

10. FORELDREKONTAKT.

Det kan veljast (minst) ein foreldrekontakt blant foreldre som har barn i skulefritidsordninga.

Den/dei skal ta vare på elevane og foreldra sine interesser i skulefritidsordninga, og fungere som bindeledd mellom foreldra/elevane, SFO-leiinga og skulen si leiing. Det bør gjennomførast foreldremøte på starten av skuleåret (som ein del av skulen sitt foreldremøte eller som eige møte).

11. ÅRSPLAN.

Ved kvar skule/SFO skal det utarbeidast årsplan for innhald og organisering av skulefritidsordninga.

12. ANSVAR

Skulefritidsordninga har ansvar for elevane i opphaldstida. SFO har dermed ikkje ansvar for elevane etter det tidspunktet dei har avtale om å forlate ordninga.

13. TEIEPLIKT.

Dei tilsette har teieplikt etter same reglar som gjeld for tilsette i skulen, jf. Opplæringslova §15-3.

Endring av vedtektene må godkjennast av kommunestyret.